

# Handlingsplan 2023

## USHT Vestland (Sogn og Fjordane)



Utviklingssenter for  
sjukeheimar og heimetenester

VESTLAND (Sogn og Fjordane)



Sunnfjord  
kommune

## Innhald

<b>Innhald.....</b>	<b>2</b>
<b>1.0 Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag.....</b>	<b>4</b>
<b>2.1 Målgruppe.....</b>	<b>4</b>
<b>2.2 Satsingsområde.....</b>	<b>4</b>
<b>2.2 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget .....</b>	<b>5</b>
<b>2.3 Finansiering .....</b>	<b>5</b>
<b>3.0 Organisering og samarbeid.....</b>	<b>6</b>
<b>3.1 Tilsette .....</b>	<b>6</b>
<b>3.2 Fag- og samarbeidsråd .....</b>	<b>7</b>
<b>3.2 Samarbeidspartar .....</b>	<b>8</b>
<b>4.0 Satsingsområde 2023 .....</b>	<b>9</b>
<b>5.0 Oversikt over planlagde aktivitetar 2023.....</b>	<b>11</b>

## 1.0 Innleiing

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) er ei nasjonal satsing, og eit av tiltaka i Kompetanseløft 2025. Helsedirektoratet delfinansierer sentera og gir årlege føringar for USHT sin aktivitet. I perioden 2019 til 2023 er utviklingssentera ein del av det regionale støtteapparatet for Meld.St.15 Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre. Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane). USHT er pådrivar for å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene i kommunane i Sogn og Fjordane-regionen. Arbeidet skal tilpasse seg lokale behov og variasjonar, bygge på eksisterande kunnskapsarbeid, ny kunnskap, forsking og nasjonale føringar.

Handlingsplan 2023 gir ei oversikt over prioriterte satsingsområde og planlagde aktivitetar dette året. Samstundes føl vi opp førespurnader og aktuelle problemstillinger fortløpende. Organisering og val av metode/arbeidsmåte er forankra i samfunnsoppdraget. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) legg i sitt arbeid stor vekt på å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar, tek utgangspunkt i den enkelte kommune/teneste sine behov og gjer lokale tilpassingar.

Kompetansen i USHT, forankring og støtte i vertskommunen, og eit godt samarbeid med praksisfeltet, utdannings- og forskingsinstitusjonar, er viktige føresetnad for å lukkast i rolla som pådrivar for fag- og tenesteutvikling i kommunehelsetenesta.

### Nasjonale innsatsområde for 2023:

I tråd med føringane frå Helsedirektoratet, vil USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ta utgangspunkt i kommunane sine behov og vidareføre nettverksarbeid og pågående arbeid frå 2022.

Dei nasjonale innsatsområda for 2023 er:

- Kvalitetsreforma Leve heile livet
  - Lindrande behandling og omsorg
  - Pårørandestategien
  - Ernæringsstrategien
- Demensplan 2025
- Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming

Pasienttryggleik, kvalitetsforbetring og velferdsteknologi vil bli sett i samanheng med satsingsområda.

**Vår visjon - Utvikling gjennom kunnskap**

## 2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag

Det overordna samfunnsoppdraget gitt til USHT av Helsedirektoratet er å bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag- og kompetanseutvikling og spreiing av ny kunnskap, nye løysingar og nasjonale føringer.

USHT skal vere ein ressurs for kommunane i regionen og bidra til fag- og tenesteutvikling innanfor satsingsområda, fremje samarbeid og legge til rette for deltaking.

### 2.1 Målgruppe

Målgruppa til USHT er leiarar og tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, med særleg fokus på sjukeheim og heimebaserte tenester. Utviklingssentera skal ha eit brent fagleg perspektiv og inkludere tenester til personar både med somatiske og psykiske sjukdommar, rusavhengigkeit eller utviklingshemming.

### 2.2 Satsingsområde

Utviklingssentera skal bidra til at dei kommunale helse- og omsorgstenestene fornyar og forbetrar seg innanfor følgande satsingsområde:

#### Utvikling i samarbeid med pasientar, brukarar og pårørande

Tenestetilbodet skal utviklast saman med pasientar, brukarar og pårørande. Det inneber at kommunane aktivt må innhente pasient/brukar og pårørande sine synspunkt når tilbodet til den enkelte blir utforma, og involvere dei i forbettingsarbeid på både teneste- og systemnivå.

#### Fagleg omstilling i tenestene

Utvike tenestene gjennom fagleg omstilling, kompetanseutvikling og implementering av nye arbeidsmetodar og organisasjonsformer.

#### Den nye heimebaserte tenesta

Nye brukargrupper med komplekse helsefaglege utfordringar og omfattande psykososiale behov krev utvikling av meir omfattande og avanserte heimebaserte tenester.

## **Fornying og innovasjon**

Kvalitet i tenestene vil i framtida krevje at kommunane tar i bruk ny kunnskap og nye løysingar. Lokalt innovasjonsarbeid kan skje i samarbeid mellom kommunar, helseføretak, fagfolk, tenestemottakarar, kunnskaps- og forskingsmiljø, organisasjonar og/eller næringslivet.

## **2.2 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget**

For å løyse samfunnsoppdraget skal USHT:

- Tilby råd og rettleiing, metodar og verktøy i fagutviklings- og forbetningsarbeid
- Legge til rette for samarbeid og kunnskapsdeling mellom kommunane i sitt nedslagsfelt, gjennom nettverk og arena for leiarar og tilsette
- Bidra til spreiing av ny kunnskap og utvikling av kunnskapsbasert praksis
- Bidra til innovasjon og nye løysingar/nyskaping, og implementering av desse
- Medverke og legge til rette for forsking som er praksisnær og relevant for kommunale helse- og omsorgstenester

## **2.3 Finansiering**

Utviklingssentera blir finansiert gjennom årlege tilskot frå Helsedirektoratet. Tilskotsramma er gitt i Statsbudsjettet, og i 2023 kan kvart USHT søke om kr 2 521 428. Vertskommunen har krav om medfinansiering, og i dag dekker Sunnfjord kommune 1,4 årsverk og kostnader til reise, konferansar, administrasjon/lokale m.m.

I tillegg til noko ekstern finansiering knytt til deltaking i forskingssamarbeid, søker USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ulike tilskotsmidlar til prosjekt/utviklingsarbeid frå mellom andre Statsforvaltaren i Vestland, Helsedirektoratet og Bufdir.

## 3.0 Organisering og samarbeid

Alle utviklingssenter har ein vertskommune, som i tillegg til å bidra med finansiering, er ansvarleg for utviklingssentera si måloppnåing. Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane). Utviklingssenteret er lagt direkte under kommunedirektøren i stabseininga Fagutvikling, og kommunalsjef for omsorg har det overordna leiaransvaret.

### 3.1 Tilsette

Namn	Stilling	Fagbakgrunn	Kontaktinformasjon
Marta Strandos	Leiar USHT	Sjukepleiar. Master i organisasjon og leiing.	<a href="mailto:Marta.Strandos@sunnfjord.kommune.no">Marta.Strandos@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 41 52 64 16
Berit Ullebust	Utviklings- og kreftkoordinator	Kreftsjukepleiar. Master i kunnskapsbasert praksis.	<a href="mailto:Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no">Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 94 82 42 54
Liselotte Norman	Utviklingskoordinator	Psykiatrisk sjukepleiar.	<a href="mailto:Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no">Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 57 61 26 80
Toril Marie Terum	Utviklingskoordinator	Sjukepleiar. Phd.	<a href="mailto:Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no">Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 99 61 05 34
Anne Marte Sølsnes	Utviklingskoordinator	Fysioterapeut. Master i helse og sosialfag.	<a href="mailto:anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no">anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 97 12 14 21
John Eirik Anfinsen	Kommunikasjonsrådgjevar	Master i medievitskap.	<a href="mailto:John.eirik.anfinsen@sunnfjord.kommune.no">John.eirik.anfinsen@sunnfjord.kommune.no</a> Tlf: 40 01 93 87

### 3.2 Fag- og samarbeidsråd

Fag- og samarbeidsråd gir råd og støtte i tråd med samfunnsoppdrag og definerte innsatsområde. Vi legg opp til eitt møte i året i samband med arbeidet med rapportering og handlingsplan.

Organisasjon	Namn
Statsforvaltaren i Vestland	Anne Eli Wangen
Helse Førde	Kari Holvik Furevik
Høgskulen på Vestlandet (HVL)	Siri Ytrehus
Vestland Fylkeskommune	Siri Ingvaldsen
Senter for omsorgsforskning vest	Tone Elin Mekki
Brukarutvalet i Sogn og Fjordane	Øystein Wangen
Norsk Sykepleierforbund, Sunnfjord	Christine Toft Figenskau
Delta	Torunn Solheim
Kommunalsjefnettverk Sogn	Anita Foss Midlang
Kommunalsjefnettverk HAFS	Kjersti Valvik
Kommunalsjefnettverk Nordfjord/Sunnfjord	Heidi Vederhus
Kommunalsjef Sunnfjord kommune	Kirstin Bruland
USHT Vestland (Sogn og Fjordane)	Marta Strandos
Interkommunal samhandlingskoordinator	Elin Sørbotten

### 3.2 Samarbeidspartar

USHT samarbeider med Helsedirektoratet, Statsforvaltaren i Vestland, Senter for omsorgsforsking vest og andre utviklingssenter.

Representasjonen i fag- og samarbeidsrådet avspeglar viktige samarbeidspartar lokalt. I tillegg samarbeider USHT Vestland (Sogn og Fjordane) med:

- KS Vest
- Interkommunal samhandlingskoordinator Sogn og Fjordane
- Vestlandsforskning / IT-forum Vest
- Nasjonalt senter for aldring og helse
- Kompetansesenter i lindrande behandling
- Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling (SESAM)
- Helseforskning Sogn og Fjordane
- Regionalt samarbeid med utviklingssentera på Vestlandet
- Nasjonalt kompetansesenter for utviklingshemming (NAKU)
- E-helse Vestland
- Norsk forbund for utviklingshemmede (NFU)

I tillegg samarbeider USHT Vestland (Sogn og Fjordane) med KS si satsing på etisk kompetanseheving som metode i utviklingsarbeid, tett kopla til arbeidet i det regionale støtteapparatet for Leve heile livet. Vi har òg fornya medlemsskapet i Polyfon gjennom partssamarbeid med Helse Førde, Vestland fylkeskommune og Kinn kommune, og vil i 2023 prioritere aktivitetar lokalt saman med dei.

## 4.0 Satsingsområde 2023

Helsedirektoratet har peika ut tre satsingsområde for 2023 som dei ber utviklingssentra prioritere. Handlingsrommet ligg i den lokale tilpassinga og behova til kommunane i regionen. Etter ein kort omtale av kvart hovudområde, kjem ei oversikt (tabell) som viser planlagde aktivitetar i USHT Vestland (Sogn og Fjordane) for 2023.

### Kvalitetsreforma Leve heile livet

I arbeidet med eldrereforma Leve heile livet er utviklingssentra ein del av det regionale støtteapparatet i Vestland saman med Statsforvaltaren og KS. USHT skal særskilt tilby kommunane råd og rettleiing i metodar og verktøy i fagutviklings-, forbettings- og implementeringsarbeid. Leve heile livet er ein paraply for andre nasjonale satsingar, og det gjeld òg for vår aktivitet. Vi vil i 2023 ha eit særskilt fokus på lindrande behandling, pårørandestategien og ernæringsstrategien. Vi vil òg bidra til å synleggjere samanhengar og dra parallelar mellom ulike prosjekt/utviklingsarbeid. Kommunane sine behov er førande for våre aktivitetar. Fleire tek kontakt og etterspør rettleiing i arbeidet med rekruttering og oppgåvedeling i tenestene. I lys av Helsepersonellkommisjonen si utgreiing i NOU 2023:4 Tid for handling, forventar vi ei auka interesse på dette området. Vi er i dialog med Tørn-prosjektet i KS, og ser korleis vi kan bidra med støtte og rettleiing overfor kommunane i vår region.

### Demensplan 2025

Demensplan 2025 presenterer regjeringa sin femårsplan (2021–2025) for å fremje kvalitet i tenestetilbodet til personar med demens og deira pårørande. USHT skal bidra til at kommunane planlegg og gjennomfører sine tenester i tråd med mål, satsingsområde og tiltak i demensplanen. Personsentrert omsorg, heilskapleg tenestetilbod og kompetanse er prioriterte område for USHT knytt til Demensplan 2025.

I 2022/2023 vil vi i USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ha vi eit særleg fokus på gode forløp for familiar ramma av demenssjukdom. Som eit ledd i dette arbeidet arrangerer vi eit læringsnettverk for kommunane i vårt nedslagsfelt. Målsetjinga er å bidra til at kommunane i Sogn og Fjordane-regionen etablerer rutine for systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande, i tråd med Nasjonal fagleg retningslinje om demens. USHT har fått tildelt midlar frå Helsedirektoratet for å styrke dette arbeidet, og rettleiar kommunane på både fag og prosess.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) tilbyr i tillegg kompetanseheving via Demensomsorgas ABC, og opplæring i metodane VIPS og TID. Vi bidrar òg til spreiing av kunnskap om demens i ulike utval, lag og organisasjonar.

## **Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming**

I 2021 kom det ein nasjonal rettleiar «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming». USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland) har fått midlar frå Bufdir og Helsedirektoratet til å etablere eit nettverk for fagpersonar som har eit overordna ansvar for fagutvikling i tenestene til personar med utviklingshemming. Fagnettverket starta opp hausten 2022 og skal gå over ein periode på to år. Målet er å støtte tilsette i kommunane i arbeidet med å omsette rettleiaren frå ord til handling, samt å bidra til erfaringssdeling og nettverksbygging på tvers av kommunane.

I tillegg vil utviklingssenteret i 2023 prioritere kompetanseheving via Mitt livs ABC, og vidareføre samarbeidet med E-helse Vestland og USHT i Helse Fonna om kompetanseheving innan velferdsteknologi i desse tenestene.

Dei fire utviklingssentera i vest samarbeider med Senter for omsorgsforskning vest (SOFV) om etablering av eit felles FOU-prosjekt der føremålet er å styrke kompetansen om beslutningsstøtte hos tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming. Saman med praksisfeltet ynskjer vi å tilpasse og vidareutvikle eit rammeverk som tenestene kan ta i bruk. USHT vil fasilitere implementeringa av rammeverket, og vere tett på tenestene og gje opplæring til interne facilitatorar i ein oppskalert versjon. SOFV vil bidra med fagleg støtte, og vere ansvarleg for forskingsaktiviteten i prosjektet. Det er i tillegg kontakt med NAKU og VID om samarbeid.

## **Velferdsteknologi, pasienttryggleik og kvalitetsforbetring**

Velferdsteknologi, pasienttryggleik og kvalitetsforbetring er overbyggande tema som vi ser i samanheng med øvrige satsingsområde for 2023. USHT tilbyr kommunane støtte og rettleiing i systematisk kvalitetsarbeid, i tråd med «Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring» og «Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgssektoren». Som eit ledd i dette arbeidet startar vi opp Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim. Deltakarane vil bli kjent med «Trygghetsstandard i sykehjem», som er eit digitalt leiarverktøy som skal støtte sjukeheimsleiarar med kontinuerleg kvalitetsarbeid.

Å sikre bærekraftige tenester framover, krev nye arbeidsmetodar. Utviklingssenteret arbeider aktivt for å synleggjere velferdsteknologi som ein del av tenestetilbodet innanfor satsingsområde, og held fram med tilbod med Velferdsteknologiens ABC i samarbeid med prosjektet E-helse Vestland. Det nasjonale velferdsteknologiprogrammet (NVP) er vidareført ut 2024, og det vil vere behov for kompetanse og rettleiing på fag og metode regionalt og lokalt. Hovudoppfølging skjer gjennom E-helse Vestland.

Helsedirektoratet oppfordrar elles utviklingssentera til å ta på seg rolla som leverandør for ABC-opplæringa. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) tilbyr alle permane i ABC-opplæringa.

Dei planlagde aktivitetane for 2023 blir presentert i tabellen nedanfor.

## 5.0 Oversikt over planlagde aktivitetar 2023

Aktivitet		Innoverte
<b>Leve heile livet - del av regionalt støtteapparat i Vestland</b>	<p>Utviklingssentera er ein del av det regionale støtteapparatet knytt til kvalitetsreforma Leve helse livet 2019-2023.</p> <p><b>Aktivitetar i det regionale støtteapparatet i 2023</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Aktiv deltar i koordineringsgruppa og arbeidsgrupper</li> <li>- Bidra til rapportering og revidering av gjennomføringsplan 2023</li> <li>- Dialog og erfaringsdeling med andre regionar</li> <li>- Utarbeider felles handlingsplan og årshjul, og følge opp planlagde aktivitetar</li> <li>- Nyhendebrev</li> <li>- Oppdatere oversikt over eksisterande nettverk i vår region</li> </ul> <p><b>I tillegg vil USHT:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjennomføre kommunebesøk med fokus på kommunane sine behov for prosessrettleiing på fagområde som ligg inn under USHT</li> <li>- Tilby rettleiing ut frå kommunane sine behov</li> <li>- Ha eit særskilt fokus på områda lindrande behandling og omsorg, ernærings- og pårørandestategiane i eksisterande aktivitetar, og i møte med kommunane</li> <li>- Spreie informasjon og kunnskap om reforma og rolla til støtteapparatet</li> <li>- Spreie informasjon om tilskotsordningar, rettleie i søkeradsprosessen og vere i dialog rundt mogeleg samarbeid med kommunane</li> <li>- Dialog/erfaringsdeling mellom utviklingssentera nasjonalt og Helsedirektoratet</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, samarbeidspart</b> , saman med Statsforvaltaren i Vestland, KS, Senter for omsorgsforskning, Eldreråda fylke/kommune m.fl. (utvida støtteapparat)

Aktivitet		Innverte
<b>Ansvar- og oppgåvefordeling ved omsorgssentera i Sunnfjord kommune.</b>	<p>USHT gjennomførte i 2022 ei kartlegging knytt til ansvar- og oppgåvefordeling mellom faggrupper ved omsorgssentera i Sunnfjord kommune. Funna frå kartlegginga er presentert i ein rapport, og arbeidet er tatt vidare i einingane med støtte frå USHT.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vere leiar og pådrivar for vidare arbeid</li> <li>- Avklare resultatmål</li> <li>- Vere ein støttespelar for leiarane i arbeidet med å nå resultatmåla</li> </ul> <p>Erfaringane frå dette arbeidet vil USHT spreie til øvrige kommunar i Sogn og Fjordane-regionen.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, saman med kommunalsjef omsorg og einingsleiarar ved omsorgssentera i Sunnfjord kommune</b>
<b>Samarbeid med interkommunal samhandlingskoordinator</b>	<p>Vidareføre det tette samarbeidet mellom USHT og samhandlingskoordinator i lokalt utviklingsarbeid, med særleg fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar</li> <li>- Dra parallelar i samhandlingsprosjekt mellom spesialisthelsetenesta, kommunane og USHT sine satsingsområde</li> <li>- Bistå med oppfølging av arbeidet frå læringsnettverket Gode pasientforløp inn i helsefellesskapet</li> <li>- Samhandlingskoordinator fungerer som bindeledd mellom USHT og Sogn og Fjordane Helsefellesskap</li> <li>- Innspel til program/eventuelt innlegg på Erfaringskonferanse for somatiske avdelingar i 2023</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) samarbeidspart, saman med KS, Sunnfjord kommune</b>

Aktivitet		Innoverte
<b>Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim</b>	<p>USHT starta i 2023 opp Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid for sjukeheimsleiarar og aktuelle ressurspersonar. Deltakarane vil gjennom nettverket mellom anna bli kjent med «Trygghetsstandard i sykehjem», eit digitalt verktøy som skal støtte sjukeheimsleiarar i organisering og systematisk oppfølging av kvalitetsarbeid. Vi vil elles tilby rettleiing, og legge til rette for erfarings- og kompetansedeling, refleksjon og forbetningsarbeid, med utgangspunkt i kommunane sine behov.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Regionsvise nettverkssamlingar (i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn), vår og haust</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane)</b>
<b>Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg</b>	<p>Vidareføre fagnettverk innan eldremedisin / eldreomsorg.</p> <p>Overordna tema i fagnettverket i perioden 2022-2024 er observasjonskompetanse, og vi vil i 2023 arrangere to fagdagar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tidleg oppdaging av gradvis funksjonssvikt hos eldre (fysisk samling i mars).</li> <li>- Observasjon i den palliative fasen hos eldre (digital samling hausten 2023).</li> </ul> <p>I tillegg vil vi hausten 2023 etablere ei driftsgruppe i tråd med nytt mandat, samt samle brukarutvalet til i eit arbeidsmøte for å planlegge ny årsplan (2024-2026).</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, saman med Helse Førde/SESAM.</b>
<b>Klinisk observasjonskompetanse</b>	<p>Tilby kompetanseheving i klinisk observasjonskompetanse etter modellen KlinObsKommune. Rettleie lokale ressurspersonar etter oppleget «train the trainer», og bistå kommunar med vedlikehald av tileigna kompetanse.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangere tre samlingar for ressurspersonar</li> <li>- Invitere til digital samling for ressurspersonar/leiarar for å bistå med vedlikehald og erfaringsdeling.</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, saman med ambulansetenesta i Helse Førde.</b>

Aktivitet		Involverte
<b>Lindrande behandling og etisk refleksjon</b>	<p>Eit fagleg opplegg med vekt på grunnleggande palliasjon og etisk refleksjon vart pilotert på ein sjukeheim i 2021-22. På bakgrunn av desse erfaringane vil USHT i samarbeid med vår vertskommune utforme søknad på tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet, og bidra med fasilitering av utviklingsarbeid, og spreiing til kommunar i vårt nedslagsfelt.</p> <p>I utviklingsarbeidet drar vi veksel på nettverket av ressurssjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Sogn og Fjordane-regionen, og samarbeider med KS omkring etisk refleksjon.</p> <p>Aktiviteten i 2023 er avhengig av eventuell tildeling.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg,</b> saman med Sunnfjord kommune.
<b>Digital opplæringspakke for helsefagarbeidarar i lindrande behandling og omsorg ved livets slutt</b>	<p>USHT bidrar til spreiing av digital opplæringspakken «Lindrende behandling og omsorg ved livet slutt» for helsefagarbeidarar og anna helsepersonell utan formell kompetanse i kommunehelsetenesta. Opplæringspakka er utvikla av Høgskolen i Innlandet på oppdrag frå Helsedirektoratet, i tett samarbeid med USHT i Buskerud og Hedmark.</p> <p>Opplæringa omfattar både sjølvstudie (digitalt) og deltaking i refleksjonsgruppe lokalt. Refleksjonsgruppene bli leia av ein mentor frå eigen arbeidsplass. USHT bidrar til spreiing av opplæringspakken i Sogn og Fjordane-regionen, og rettleiar mentorar etter behov.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg.</b>
<b>Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande</b>	<p>Hausten 2022 starta USHT Vestland (Sogn og Fjordane) opp eit læringsnettverk (2022-2023) for kommunane i Sogn og Fjordane-regionen. Målet er å bidra til at kommunane etablerer rutinar som sikrar systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande, i tråd med Nasjonal fagleg retningslinje om demens.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangere tre fysiske samlingar (vår-23/haust 2023)</li> <li>- Tilby prosessrettleiing, individuelt og i gruppe</li> </ul> <p>I læringsnettverket nyttar vi Veiviser demens aktivt, og rettleiar på fag og metode/prosess.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg,</b> saman med ressursgruppa vår beståande av representantar frå Luster og Sunnfjord kommune, og Helse Førde.

Aktivitet		Innvolverte
<b>Implementering av personsentrert omsorg</b>	<p>Tenestetilbodet til personar med demens skal bygge på prinsippa om personsentrert omsorg. USHT tilbyr kommunane i Sogn og Fjordane-region opplæring i metodane VIPS praksismodell og TID, og er ei støtte for ressurspersonar og leiarar i implementeringsarbeid.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilby kommunar i Sogn og Fjordane kurs i VIPS praksismodell</li> <li>- Tilby kommunar i Sogn og Fjordane kurs i TID-modellen</li> <li>- Invitere ressurspersonar og leiarar til erfaringsdeling for å bistå med implementering og vedlikehald</li> </ul> <p>I tillegg vil USHT aktivt spreie kunnskap om demens og personsentrert omsorg til tilsette i helse- og omsorgstenestene i vårt nedslagsfelt - gjennom ABC-fagseminar og på førespurnad.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg.</b>
<b>ABC opplæring</b>	<p>Som leverandør for ABC-opplæringa vil USHT følge opp underleverandøravtalar med Nasjonalt senter for aldring og helse, samt bidra til å auka ABC-aktivitet i Sogn og Fjordane-regionen. Som eit ledd i dette arbeidet vil vi i 2023 invitere til digitale informasjonsmøte for leiarar i helse- og omsorgstenestene, og arrangere eit årleg møte med kommunekontaktane.</p> <p><b>Planlagde oppstarts- og fagseminar våren 2023:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 1</li> <li>- Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 1 (x2)</li> <li>- Mitt Livs ABC perm 2, fagseminar 2</li> <li>- Mitt livs ABC perm 1, fagseminar 1</li> </ul> <p><b>Planlagde fagseminar hausten 2023:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 2 (x2)</li> <li>- Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 2</li> <li>- Mitt Livs ABC perm 1, fagseminar 2</li> <li>- Mitt Livs ABC perm 1, fagseminar</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg, saman med Nasjonalt senter for Aldring og helse</b>

Aktivitet		Involverte
<b>Gode pasientforløp</b>	<p>Kommunane i Sogn og Fjordane-regionen har i perioden 2020-2022 deltatt på læringsnettverket «Gode pasientforløp» i regi av KS og Folkehelseinstituttet (FHI). Læringsnettverket er avslutta, men USHT vil halde tak i satsinga med fokus på forbettingsarbeidet i dei deltagande kommunane.</p> <p>Aktivitetar 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arranger digital erfaringsdeling</li> <li>- Arrangere fysisk samling januar 2023, og planlegge vidare oppfølging med utgangspunkt i kommunane sine behov</li> <li>- Vere tilgjengeleg for rettleiing</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) ansvarleg.</b>
<b>Forskningsprosjekt: Knowlegde to action (K2A)</b>	<p>Forskningsprosjektet «Knowledge to action» (2022-2026) undersøker pasientoverføringer og bruk av akutt-tenerster i sjukeheim, med fokus på kva overføringer ein kan unngå, og korleis? Og når ein ikkje kan eller bør unngå overføringer, korleis kan desse bli best mogeleg for pasientane?</p> <p>Prosjektet er finansiert med midlar frå Norsk forskingsråd, og består av til saman tre arbeidspakkar. USHT samarbeidar om arbeidspakke tre, om å utvikle ein modell for betre pasientoverføringer, fasilitering og utprøving av ein undervisningsmodul for tilsette på sjukeheim.</p> <p>I tillegg til USHT Vestland (Sogn og Fjordane), er Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt sentrale samarbeidspartarar lokalt, i prosjektet.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta på møte med prosjektleiar/-deltalarar, digitalt og fysisk (Bergen og Manitoba, Canada)</li> <li>- Delta på møte med aktuelle kommunar</li> </ul>	<b>USHT (samarbeidspart),</b> Senter for omsorgsforskning vest (ansvarleg), og University of Manitoba

Aktivitet		Involverte
<b>Nettverk i Vestland for fagtilsette innan tenestene til personar med utviklingshemming (CRPD-nettverk)</b>	<p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) inviterte i 2022 saman med USHT Vestland (Hordaland) kommunane i Vestland til å delta på eit nettverk for fagtilsette innan tenestene til personar med utviklingshemming. I nettverket skal kommunane gjere seg kjend med og ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming». Nettverket går over ein periode på to år.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 2 lunsj til lunsj nettversamlingar</li> <li>- 2 digital dagssamlingar i nettverket</li> <li>- Rettleie deltagande kommunar mellom samlingane</li> </ul> <p>KS arrangerer parallelt eit læringsnettverk (2022-2023) for kommunedirektøren si leiargruppe, linjeleiarar og fagpersonar knytt til personale og økonomi. USHT er observatør på samlingane, og gir innspel til fagleg innhald.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland) ansvarleg.</b>  Samarbeidspartar: SOF, NAKU, Statsforvaltaren.
<b>Felles FOU-prosjekt for å styrke kompetanse på beslutningsstøtte hos tilsette som jobbar med personar med utviklingshemming</b>	<p>Dei fire utviklingsentera i vest samarbeider med Senter for omsorgsforskning vest (SOFV) om etablering av eit felles FOU-prosjekt. Føremålet er å styrke kompetansen om beslutningsstøtte hos tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming.</p> <p>Aktivitet i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere prosjektgruppe og utarbeide prosjektskisse</li> <li>- Rekruttere kommunar</li> <li>- Søke eksterne tilskotsmidlar i lag med samarbeidspartar</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane), USHT Helse Fonna, USHT Vestland (Hordaland) og USHT Rogaland ansvarleg</b> , saman med SOFV.

Aktivitet		Innvolverte
<b>Velferdsteknologi inn mot tenestene til personar med utviklingshemming</b>	<p>Utvikle digitale ressursar om velferdsteknologi inn mot tenestene til personar med utviklingshemming, nytta i arbeid med kompetansehevande tiltak i kommunane.</p> <p>Aktivitet i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Søke eksterne tilskotsmidlar i lag med samarbeidspartar</li> </ul> <p>Aktiviteten i 2023 er avhengig av ei eventuell tildeling.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane), USHT Helse Fonna og E-helse Vestland ansvarlege samarbeidspartar.</b>
<b>Velferdsteknologiens ABC</b>	<p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) tilbyr Velferdsteknologiens ABC i samarbeid med E-helse Vestland.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arrangere tre regionale sluttseminar våren 2023</li> <li>- Kartlegge behov for oppstart av nye grupper hausten 2023</li> <li>- Digitale informasjonsmøte for leiatarar før oppstart</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane ansvarleg, saman med E-helse Vestland</b>
<b>E-helse Vestland</b>	<p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) er ein samarbeidspart i prosjektet E-helse Vestland (2020-2025). Prosjektet er ein del av ein fleirårig plan der alle kommunane i Vestland fylke gradvis vert med. Sunnfjord kommune er prosjekteigar.</p> <p>USHT deltek i forankringsgruppe og arbeidsgruppe, og har eit særskilt fokus på kompetanseutvikling. USHT er samarbeidspart i søknadar på forskingsmidlar knytt til aktivitetar i prosjektet.</p> <p>Prosjekt og aktivitetar er avhengig av ekstern finansiering.</p> <p>Finansiering: Fornyingsmidlar frå Statsforvaltaren i Vestland, Nasjonalt velferdsteknologiprogram, Helsedirektoratet.</p>	<b>USHT (samarbeidspart), Sunnfjord kommune (prosjekteigar), 44 kommunar i Vestland/Rogaland, Helse Vest IKT, Helse Bergen, Helse Førde, Helse Fonna, Vestlandsforsking, IT-Frum Vest, HVL, USHT Vestland (Hordaland), USHT Helse Fonna, Alarmsentralen IKS.</b>

Aktivitet		Involverte
Kommunikasjon/ digitalisering	<p>Engasjementstilling frå 2021 med fokus på strategisk kommunikasjon.</p> <p>Ressursen er delt mellom USHT og E-helse Vestland, og vil i 2023 rettar seg mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Strukturert og målretta strategi for drift av nettside og sosiale medie</li> <li>- Fokus på engasjerande relevant innhald i opne kanalar</li> <li>- Strategiske grep for å sikre at USHT sine tilbod, ressursar og kompetanse blir kjent i tenestene</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane)</b> ansvarleg, saman med E-helse Vestland
Nettside for <b>Personsentrert praksisutvikling</b>	<p>Nettside for «Personsentrert praksisutvikling» (eng: Practice Development) vart lansert i september 2022. Målgruppa er tilsette i helse- og omsorgstenestene som har ansvar for å fasilitere endringsprosessar. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har leia arbeidet med nettressursen, og tek på seg ansvaret for vedlikehald og oppdatering av nettsida i samarbeid med ei redaksjonsgruppe.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere ei redaksjonsgruppe med samarbeidspartar, m.a. SOFV</li> <li>- Lage plan for møter/aktivitet</li> </ul> <p>Vidare arbeid med plan for spreiling, utprøving, utvikle kurs/opplæring, samarbeid med masterstudentar og mogelege phd-kandidatar.</p>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) (ansvarleg)</b> , saman med Senter for omsorgsforskning Vest.

Aktivitet		Involverte
<b>pUSH iT</b>	<p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) vil vidareføre arbeidet med å styrke eigen implementering- og fasiliteringskompetanse. Dette gjer vi i 2023 gjennom kompetanseløpet pUSH iT, som er utvikla i tett samarbeid med USHT Viken (Buskerud) og Senter for omsorgsforskning øst og vest. Dei andre utviklingssentera i vest er invitert til å delta i pilotering i 2023.</p> <p>Målet med pUSH iT er å gje dei tilsette i USHT auka kunnskap om implementering og rettleiing i komplekse system, og gje deltakarane kunnskap og ferdigheter som gjer dei betre i stand til å jobbe systematisk i å støtte kommunar i implementering av kunnskapsbasert praksis.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta på fire fysiske samlingar (januar, mars, juni og september)</li> <li>- Arbeid med litteratur og øving mellom samlingane</li> <li>- Interne arbeidsseminar 2 x 2dg/år</li> <li>- Faste vekentlege teams-møte</li> </ul>	<b>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Viken (Buskerud) ansvarleg</b> , sammen med Senter for omsorgsforskning øst og vest, USHT Helse Fonna, USHT Rogaland og USHT Vestland (Hordaland).



[USHT Vestland, Sogn og Fjordane | Facebook](#)

[usht@sunnfjord.kommune.no](mailto:usht@sunnfjord.kommune.no)

Marta Strandos (leiar), tlf 41 52 64 16

[Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester \(ushtsognogfjordane.no\)](#)